



**Båthamna i Uskedalen ligg framleis på andreplassen etter Husnes i tevlinga om å bli Årets Gjestehavn, som Båtmagasinet held. Siste oppdatering er 26. juni.**

På tredjeplassen ligg Askvoll Sentrumshavn medan den nye Rosendal-hamna har rykka opp på fjerdeplassen. Også ei anna hamn i Sunnhordlandområdet ligg bra an, det er Bjoa Båthavn på sjuandeplassen.

Også denne helga teiknar det til å bli bra besøk i Uskedalen. Det var 19 gjestebåtar hjå Uskedal Båtlag/Sandakaien natt til laurdag.

Av Ola Matti Mathisen